



KOMPETANSENAVET FOR LOKAL MAT

Hordaland - Sogn og Fjordane

Spennande kurs i økonomi

Kan du tenkja deg å forstå rekneskapstala dine betre og læra meir om dei ulike samanhengane i rekneskapet? Ynskjer du å finna forbedringsområde og læra korleis du kan auka lønsemda? Gjennom gruppearbeid og ein illustrator leiar du og dine medarbeidarar ei

bedrift i gjennom oppstart, drift og investeringar i ein 4 års periode. Dette er ein måte å lære på ved å gjennomføre i praksis. **Åslaug Stadheim Ese** leiar kursa der de gjennom ein dag arbeider på ein engasjerande måte med verdikretsløpet i bedrifta. Det blir rett og slett moro å lære økonomi lovar Åslaug.

Økonomi-illustrator:

Innhald:

- Oppstart av ei verksemd
- Bedriftsøkonomien – relasjon til eiga verksemd og forstå samanhengar.
- Resultatrekneskap og balanse
- Pengestraumen og verdikretslaup
- Faste og variable kostnader, konsekvensar og måtar å påverke dei.
- Enkel rekneskapsanalyse og sentrale nøkkeltal
- Likviditet
- Finansieringsstruktur og kapitalbinding
- Investeringar og avskrivning
- Enkle budsjettsamanhengar, utarbeiding av budsjett
- Tiltak for å oppnå betre lønsemd



Deltakarane skal vera leiargruppe i ei bedrift som dei skal starta og så driva i 4 år, - i konkurranse med kvarandre. I utgangspunktet stiller dei likt, og ved hjelp av strategiske avgjerder vil dei ende opp ulikt etter kva val dei har gjort.

Deltakarane lærer ved 'å gjera' sjølv, og ser fort dei økonomiske samanhengane i ei bedrift. I tillegg er Økonomi-illustratoren svært engasjerande, og teamskapande – det blir rett og slett moro å lære om økonomi!!



Åslaug Stadheim Ese har meir enn 20 års erfaring som rekneskapsfører, - ho starta og har drive Økonor Sogn (Vik kontorteneste as) like lenge. I denne tida har ho og jobba mykje med etableraropplæring og bedriftsutvikling – samt halde kurs og drive rådgjeving

innan dette. Ho er FRAM-rådgjevar f.t. for bønder og driv gardsbruk saman med familien.

Kursstadar:

Kurs 1: onsdag 10. november 2010, Kl. 09.00 –17.00

Stad: Sogn Jord og Hagebruksskule, Aurland.

www.sjh.no

Kurs 2: tysdag 8. februar 2011, Kl. 09.00 –17.00

Stad: Vestnorsk Kulturakademi, Voss.

www.kulturakademi.no

Kurs 3: tysdag 15. februar 2011, Kl. 09.00 –17.00

Stad: Mo og Jølster Vidaregåande skule, Førde.

www.mojo.vgs.no

Ynskjer ditt nettverk tilbod om dette kurset ta kontakt med Navet så kan vi sette opp kurs på fleire stadar. Kontakt: aud.slettehaug@sfj.no tlf. 47375739

Kursavgift: kr. 900,- inkl. lunsj.

Påmelding til kursa:

E-post: paamelding.sjh@sfj.no, tlf: 57 63 26 50

